

Rettleiar for gravearbeid i friområde og vegskråningar

Ved gravearbeid i friområde eller vegskråningar der det skal fyllast att med jordmassar, skal den eksisterande jorda i utgangspunktet bevarast. Hensikten med dette er at stadleg vegetasjon skal ha best mogleg føresetnad for likt vekstforhold som før inngrepet slik at det vil kunne vokse seg til att.

Situasjonar der den eksisterande jorda ikkje skal takast vare på, er stader der det veks uønska planteslag som til dømes åkertistel, høymole, kjempebjørnekjeks, lupin, parkskirekne, m.m.

Slike planter spreie seg ukontrollert og danna store populasjonar, utkonkurera stadleg vegetasjon og endra jordstrukturen. Ved planlegging av gravearbeid må gjerast ei kartlegging på staden i forkant for å avdekke om det er raudlista og svartelista arter som må takast omsyn til ved utføring av arbeidet. Påfyll av ny jord skal vere fri for fleirårig ugras.

Toppjord

Jordlaget vert del inn i toppjord og undergrunnsjord. I områder der det skal gravast djupt må jordlaga lagrast kvar for seg, og fyllast tilbake i rett rekkefølge for at vekstane skal trivast. Ei praktisk løysing er å ha toppjord køyrt bort på eit nærliggande mellombels deponi, medan undergrunnsjord vert lagt inntil grøfta som vert fylt i først.

Djupne på topp massane variera frå stad til stad. Der det er ei djup jord kan 20 – 40 cm takast av til toppmasse.

Det er i dei 10 øvste cm at jorda er mest aktiv. På stader med tynn jord, fjell i dagen eller nyetablerte skråningar kan det vere nødvendig å ta av eit djupare lag som toppjord for å få dekkja heile området. Det er viktigare med toppjord over heile området enn mykje konsentrert på ein skilde stader.

Lagring av massar

Frø, plantedelar og mikrobiologisk aktivitet i topp massane kan bli øydelagde om massane blir lagra feil. Deponiet bør lagrast laust og i låge ranker med god drenering og lufttilgang. Massane skal ikkje leggast i kløft eller synk der massane lett kan bli vassmetta over lengre periodar. Lagringstida bør vere kortast mogleg.

Kommunen sine eigedomar skal ikkje nyttast til deponi utan at det ligg føre ein avtale.

Teknisk drift